



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 27.01.20

Klokkeslett: 18.00 – 21.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Kåre Olai Solheim
Johannes Sponheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

- Sak 01/20: Referat og meldingar**
Sak 02/20: Årsmelding 2019
Sak 03/20: Rekneskap 2019
Sak 04/20: Budsjett 2020
Sak 05/20: Aktivitetsplan 2020
Sak 06/20: Ultraløp, Oslo – Bergen 2021
Sak 07/20: Konstituere styre
Sak 08/20: Fastsetjing av møtegodtgjersle
Sak 09/20: Brannteknisk dokumentasjon fjellstyrehytter
Sak 10/20: Regulering av priser 2020

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 01/20 Referat og meldingar

Saksdokument:

- 2019.12.02-011.3.Kurs nye fjellstyre – program
- 2019.12.16-012.1.Møtebok Øvre Numedal fjellstyre
- 2019.12.18-43 .Uttale – Øvingsplan RKHK 2020-2024
- 2019.12.20-012.2.Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- 2019.12.20-612.0.Kvalitetsnorm for villrein – Høyring
- 2020.01.06-43 .Søknad frå Ulvik RKHK om køyreløyve på snøscooter i høve Røde Kors øving.
- 2020.01.06-43 .Svar på søknad frå Ulvik RKHK om køyreløyve på snøscooter i høve Røde Kors øving
- 2020.01.07-433.2.Orientering om terrengløp (Ultraløp) Bergen-Oslo 02-10.07.21 Organisasjonen Langt og Lenge
- 2020.01.09-43 .Informasjon om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og motorisert ferdsel i utmark
- 2020.01.09-43 .Bane Nor SF – Fornyng av løyve til beredskapskøyning med snøscooter langs Bergensbana, 2020-2023
- 2020.01.09-43 .Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) – løyve til helikopterlanding innanfor Hardangervidda villreinområde 2020-2023. Merking av villrein
- 2020.01.13-123 .Rekneskap Ulvik fjellstyre 2019
- 2020.01.13-43 .Søknad om løyve til snøscootertransport av personell og feltutstyr i samband med gjennomføring av forskingsprosjekt – Universitetet i Bergen
- 2020.01.13-43 .Søknad om løyve på snøscootertransport på strekninga Storurdi -Finse Nils lemme
- 2020.01.20-612.1.Beslutning om merking av villrein i Nordfjella sone 2 og omegn 2020
- 2020.01.22-434.4.Scooterløyve Ove Henry Sævartveit

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok meldingane til orientering

Sak 02/20 Årsmelding 2019

Saksdokument:
Årsmelding 2019.

Framlegg til vedtak

Årsmelding for 2019 vert godkjend med dei endringane som vart lagt fram på møtet

Vedtak:
Samrøystes

Sak 03/20 Rekneskap 2019

Saksdokument:
Årsrekneskap for Ulvik fjellstyre 2019.

Framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen for 2019 vert tatt til orientering og godkjend med atterhald om revisor si godkjenning.

Vedtak:
Samrøystes

Sak 04/20 Budsjett 2020

Saksdokument:
Budsjett 2020.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til budsjett for 2020 vert godkjend med justeringane som vart lagt fram på møte

Vedtak:
Samrøystes

Sak 05/20 Aktivitetsplan 2020

Saksdokument:

Aktivitetsplan 2020 (førande)

Saksutgreiing:

Sekretær har som tidlegare år laga ein aktivitetsplan for komande år. Denne er førande, og det kan koma justeringar undervegs. Etter ynskje frå styret er det lagt opp til noko meir småviltoppsyn dette året, og da spesielt i Finseområdet. Større byggtekniske oppgåver er byting av kledning og glas på Ripsebu samt ombygging av doen på Finsebu. Elles er det lagt opp til brannvernkontroll og generelt tilsyn på husværa. Det er og eit mål å få retta opp naustet ved Kvilinganutvatnet og ferdigstille Rundavasbu innvendig. Det må og drenerast rundt bua. Andre prioriterte oppgåver er kontroll av stong- og garnfiskerar.

Framlegg til vedtak:

Aktivitetsplan for 2020 vert tatt til orientering

Vedtak:

Samrøystes

Sak 06/20 Ultraløp Oslo – Bergen 2021

Saksdokument:

Kart over tiltenkt trasse' i Ulvik statsallmenning

Saksutgreiing:

Langt og Lenge er ein frivillig organisasjon som arrangerer lange løp i terrenget, og kalla ultraløp. Organisasjonen planlegg no eit løp som skal gå frå Oslo til Bergen sommaren 2021. Løypa skal vesentleg fylje DNT-stiar og går m.a. gjennom Ulvik statsallmenning.

Løpet er planlagt arrangert fyrste uka i juli 2021 (2-10). Det vert tilbydd plass til 50 lag der kvart lag vil bestå av to personar. Løparane vil halde låg fart, og dei vil koma særst spreidd grunna dei store avstandane, anslagsvis 2-3 lag i timen. Løypa skal ikkje merkast, noko som betyr at løparane må ta seg fram ved å fylje GPS-spor, kart og T-merka stiar. Traséen er ikkje endeleg, men eit utkast er laga.

Organisasjonen ynskjer eit godt samarbeid med fjellstyre som er råka av traseen, og ynskjer i fyrste omgong ei tilbakemelding på organisasjonen sitt initiativ til løpet.

Referat:

Fjellstyret er for så vidt positive til arrangementet. Styret så på kartet over planlagt trasse for løpet, og alle var samstemde i at trassen frå Grøndalsvatnet til Geitavatnet nord for Sauafjellet må leggjast om. Traseen bør gå vidare på Rallarvegen frå Grøndalsvatnet via Myrdal og over Gravhalsen for så å kopla seg på vidare løype frå Geitavatnet. Grunnen til dette er at planlagt trasse over Vossaskavelen/Kaldavatnet er eit lite brukt fjellområde og fredeleg område der delar av villreinstamma i Nordfjella oppheld seg på denne tida av året. Det er ikkje ynskjeleg at det vert stor aktivitet i dette området over ein lenger periode.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre sender skriv til Langt og Lenge om at me er positive til arrangementet men at traseen mellom Grøndalsvatnet og Geitavatnet må leggjast om på bakgrunn av argumenta som kjem fram i referatet på møte.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 07/20 Konstituere styret

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre skal velje representantar til utvala i Nordfjella og Hardangervidda, samt vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda.

Framlegg til vedtak:

Representant i villreinutvalet for Hardangervidda: Atle Ulgenes

Representant i villreinutvalet på Nordfjella: Stig Røkenes, vara Johannes Sponheim

Vara for Knut Sygnestveit i styret i Fjellstyra på Hardangervidda: Stig Røkenes

Vedtak:

Samrøystes

Sak 08/20 Fastsetjing av godtgjersle for fjellstyremedlemmene

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

I.h.h.t. Fjellova § 7 skal fjellstyremedlemmene ha ei rimeleg godtgjersle for arbeidet dei gjer. Godtgjersla vert fastsett av heradsstyret etter framlegg frå fjellstyret. Det har vore praksis at godtgjersle for fjellstyremøte og andre møte har fylgd heradet sine satsar.

Framlegg til vedtak:

Sakshandsamar sender framlegg til heradsstyret om at fjellstyre ynskjer å nytte same satsar for møte som heradet har i valperioden 2020-2023.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 09/20 Brannteknisk dokumentasjon fjellstyrehytter

Saksdokument:

Brannteknisk dokumentasjon fjellstyrehytter – Ulvik

Saksutgreiing:

FH har tidlegare vedteke å lage felles malar for brannvernarbeidet for alle fjellstyra på Hardangervidda. Dette er gjort og det er utarbeidd Brannteknisk dokumentasjon for alle fjellstyrehusvere.

Det er ynskjeleg at fjellstyret tek denne opp til handsaming i dette møtet.

Framlegg til vedtak:

Ulvik FS tek orienteringa til vitande og godkjenner framlagde Branntekniske dokumentasjon for Ulvik Fjellstyre.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 10/20 Regulering av priser for 2020

Saksdokument:

Gjeldande priser
Prisramma, forskrifta

Saksutgreiing:

Fiske:

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga.

Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:

Dagskort: 100,-
Vekekort: 350,-
Sesongkort: 700,-

I dag er Ulvik FS med på fellesordning saman med Røldal, Ullensvang og Eidfjord. Her kostar årskort 1000 og vekekort 500. Prisane på fiskekort vart justert i 2018, og er no komen opp på makspris som Direktoratet har fastsett. Frå og med 2019 har Ulvik FS desse prisane: dagskort 80,-, 2 dagarkort 150,-, 3 dagarskort 200,- vekekort: 320,- og sesong 500,-. Prisen på fellesfiskekortet vart og auka i 2018 til 500,- for vekekort og 1000,- for årskort.

Sakshandsamar føreslår at prisane på stongfiske vert auka for 2020 sesongen vert auka til makspris:

Dagskort: 100,-
2 dagarskort: 150,-
3 dagarkort: 250,-
Vekekort: 350,-
Årskort: 700,-

Same pris for innan- og utanbygds.

Villreinjakt:

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr: 6500,-
Simle/ungdyr: 3400,-
Kalv: 1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr: 3800,-
Simle/Ungdyr: 2400,-
Kalv: 1200,-

Sakshandsamar tilrår at prisane for komande år vert uforandra da det vart gjort ei forsiktig justering førre året. Framlegg til prisar for inneverande år:

Fritt dyr: 3800,-
Simle/Ungdyr: 2400,-
Kalv: 1200,-

Halv pris for innanbygds.

Småviltjakt:

Gjeldande prisrammer for småviltjakt:

Dagskort: 250,-
5-dager kort: 1000,-
Vekeskort: 1400,-
Sesong: 2300,-

Prisane for Ulvik SA var for 2019:

Dagskort: 250,-

Vekeskort: 1000,-
Sesong: 1500,-

Etter fem år med freding vart det igjen opna for småviltjakt i Ulvik SA hausten 2018. Prisane vart då regulert opp frå tidlegare nivå før jaktstart. Prisane bør difor ikkje justerast opp før komande haust, og vert uforandra::

Dagskort 250,-
Vekeskort: 1000,-
Sesongkort: 1500,-

Halv pris for innanbygds

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret aukar prisen på stongfiskekort i tråd med framlegg frå sakshandsamar. Prisane på småvilt vert uforandra i høve fjorårets prisar. Om det vert reine bukkekort under villreinjakta som til hausten som i fjor må prisane for denne kategorien reduserast sidan ein ikkje kan felle andre dyr på desse løyve.

1 bukk : 1.500,-
2 bukkar : 2.700,-
3 bukkar: 3.700,-

Dobbel pris for utanbygdsjegerar.

Vedtak:

Samrøystes